

## MØTEREFERAT

Tema:	Ny landkommune
Dato/Stad	Storfjord Hotel, 11. februar 2016, kl 08:00 til 12:00
Møteleiar:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Referent:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Oppmøte:	Svein Harsjøen, Varaordførar, Haram kommune Siv Katrin Ulla, Formannskapsmedlem, Haram kommune Vebjørn Krogsæter, Ordførar, Haram kommune Turid Hanken, Rådmann, Haram kommune Arne Sandnes, Ordførar, Norddal kommune Per Magnus Berdal, Varaordførar, Norddal kommune Viktor Valdal, Formannskapsmedlem, Norddal kommune Tor Helge Stavdal, Rådmann, Norddal kommune Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Dag Olav Tennfjord, Ordførar/leiar, Skodje kommune Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Eva Hove, Ordførar/nestleiar, Stordal kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Randi Bergundhaugen, Varaordførar, Vestnes kommune Aud Marie Bergdal, Formannskapsmedlem, Vestnes kommune Geir Inge Lien, Ordførar, Vestnes kommune Tone Roaldsnes, Rådmann, Vestnes kommune Karen Simonnes Aanes, Ordførar, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Geir Peter Aure, Varaordførar, Ørskog kommune
Forfall	Kjersti Ruset Hjelle, Varaordførar, Stordal kommune
Observatør	
Vedlegg	Intensjonsavtale Ny landkommune 110216 (arbeidsdokument)

## Dagsorden

1. Gjennomgang av avtaletekst etter sist møte
2. Plassering av administrasjonsstad
3. Fordeling av offentlege arbeidsplassar
4. Tjenestetilbud (sentralisering/desentralisering)
5. Kommunenaavn og kommunevåpen
6. Økonomi

- **Gjennomgang av avtaletekst etter sist møte**

Rådmann i Ørskog kommune, Synnøve Vasstrand Synnes, gjekk gjennom mellombels utkast til intensjonsavtale, basert på omforeinte løysingar i siste møte. Møtelyden gjorde nokre tillegg/endingar i dokumentet.

Dokumentet ligg som vedlegg til referatet.

- **Plassering av administrasjonsstad**

Forslag om administrasjonsstad i Ørskog kommune (Sjøholt) ,Digernes, Skodje  
Befolkningsvekta reiseavstand (lett tilgjengeleg for flest mulig)

Bestilling til forhandlingsutvala: Dette blir fyrst sak på møte onsdag 17. februar, då skal omforeint løysing finnast. Alternative som det skal velgast mellom er:

- Digernes
- Sjøholt

- **Fordeling av offentlege arbeidsplassar**

Vestnes uttrykker ønske om Samfunnsutvikling, arealplanlegging, byggesak og geodata.  
Skodje kommune har ønske om oppvekstavdeling, samt plan og utviklingsavdeling.  
Haram ønske om fokus på næringsutvikling

Bestilling til forhandlingsutvala: Vi tek opp til diskusjon om vi skal legge fordelingsprinsipp til grunn for fordelinga av kommunale stillingar, eller fordeling av fagmiljø.

Forhandlingsgruppa starta med ein prinsipp diskusjon om korleis kommunale arbeidsplassar skal fordelast. Diskusjonen landa på ein fordeling av fagmiljø mellom kommunane.

Ønska frå de einiskilde kommunene er som fylgjer:

#### Norrdal

1. Landbruk, jfr. 5K s. 7 kategori 7
2. Rehabilitering, folkehelse og medisinsk rehabilitering
3. Skatt, regneskap og lønn
4. Plan og tekniske tenester

#### Stordal

1. Skatt, regnskap og lønn
2. Frivillig, kultur og idrett
3. Plan og tekniske tenester

#### Ørskog

1. Pleie og omsorg
2. Helse m/legevakt
3. Oppvekst
4. PPT (interkommunalt i dag)

#### Skodje

1. Plan, bygg og areal (jfr. 5K)
2. Oppvekst

#### Haram

1. Plan, bygg og areal
2. Byggesak bør ligge til servicetorg
3. Næring
4. Oppvekst
5. Familie, helse og omsorg
6. Landbruk
7. Rekkefølge: 5, 9, 10, 7 (jfr. 5K)

#### Vestnes

1. Plan, bygg og areal
2. Næring
3. Familie, helse og omsorg (Vertskommune)
4. Oppvekst

#### Politisk og administrativ leiding

- Ordfører
- Politisk sekretariat
- Rådmann
- Personal
- Økonomi

Det vart vurdert å etablere ei ad hoc gruppe til å arbeide med ein fagfordeling mellom kommunane.

#### Bestilling til ad hoc gruppa: Søke å finne løysingar innanfor:

Ta vare på etablerte fagmiljø

Ta vare på etablerte institusjonar

Ta hensyn til naturgitte forutsetningar

Ta hensyn til ei rimelig/rettferdig fordeling av kommunale arbeidsplassar (stk)

Den som får sentraladministrasjon må stille bakerst i køa i forhold til fordeling av familjø

Rådmenn må levere inn organisasjonskart m/antall tilsette knytt til ulike fagmiljø.

Før etablering av ad hoc gruppene vart det uavklart om alle kommunene ville fortsette forhandlingane. Ad hoc gruppa vart utsatt i påventa av avklaring frå Vestnes kommune og Haram kommune. Forhandlingsgruppa ynskjer ei avklaring innan tysdag 14. februar om dei er dedikert med vidare i forhandlingane.

Melding om vidare deltaking sendast forhandlingsleiar.

Det vil truleg vere behov for å legge til ein ekstra dag med forhandlingar sett i relasjon til framdrifta per i dag. Dette tek ein stilling til i møte 15. februar.

Ad hoc grupper  
Ikkje oppretta i dette møtet.

Møtet slutt 12:00